



Av 25 bilete er fire motiv henta frå Uskedalen. Frå Vodlen med Fjordmann i full seglføring på Storsund.

Neste helg har Ingvar Pettersen (f. 1949) utstilling i Grendahuset i Herøysundet, laurdag og sundag, kvar dag frå kl. 14 til kl. 17. Av 25 bilete er det fire motiv frå Uskedalen. Bileta syner natur- og kulturlandskap med fjellmotiv av Ulvanoso og Fjellandsbøvatn. Eit anna motiv er frå Vodlen med gavlabåten Fjordmann på Storsund. Bileta er innramma og har ein pris frå kr. 1.000,- og oppover.

Ingvar Pettersen målar i akryl. Han brukar fotografi som utgangspunkt og alle motiva er henta frå Kvinnherad. Det er ni år sidan Pettersen sist hadde eigen utstilling i Grendahuset. Han kan syna til utstillingar frå Lofoten i nord til Halsnøy Kloster i sør. Utstillingen neste helg er truleg den siste i hans karriere. Etter det må det bli måling på oppdrag. Han hadde sin fyrste utstilling i 1998.

Ingvar Pettersen er tidlegare sjømann, gjekk i land og hadde i mange år arbeidet sitt i teknisk avdeling på Valen sjukehus. Han har hatt atelier heime i huset deira i Herøysundet. For nokre år sidan flytta han og kona, Randi, til nytt hus litt lenger oppe i bygda. No har han atelier på loftet i garasjen.



Ulvanoso har ein sentral plass i fleire av bileta til Ingvar Pettersen.

Det er resultatet som avgjer prisen. Tida for å gjera eit motiv ferdig kan ta frå 2 dagar til 2 månader. Det største bilete på denne utstillingen har eit mål på 1,10 meter og 0,80 meter. Det er eit hjortemotiv. Elles finn vi 3 fjellmotiv med molter og ryper på. Ulvanoso er også med på eit motiv med vinkling frå Matre. Det er også bilete med motiv frå Baroniet, Bremstølen og frå Bringedalsbygda.

Frå nasjonalromantikken i tida etter 1850 talet har Ingvar Pettersen måla kopi av motiv av Hans Gude og Morten Møller. Eit av desse motiva er frå den norske kyst kring 1886.

I den tida utstillingen er open, vil Herøysundet Bygdalag ha kafe med sal av kaffi og kaker.

Opningstider:

Laurdag 30. mars: kl. 14 - 17

Sundag 31. mars: kl. 14 - 17

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Randi Pettersen